

Styringsgruppemøte KPA/KDP Knarvik- Alversund med Alverstraumen

Kantina på rådhuset, 15. august 2018

Deltakrarar

- Politisk styringsgruppe for KPA og KDP KAA (Plan – og miljøutvalet)
- Lindås kommune: Line Thuen Waage, Trude Langedal, Hans Kristian Dolmen og Marte Hagen Eiksrud.

Agenda

1. KDP og KPA – gjennomgang av møteplan for hausten
2. KDP KAA- Grovsiling av innspel til KDP og vurderingskriterier for handtering av innspel (same metodikk som KPA)
3. KDP KAA - Orientering om Alversund bru
4. KPA – Orientering om innkomne innspel til KPA
5. KPA - Info- og medverknadsmøte

Tema – KDP KAA Grovsiling av innspel	
Administrasjonen	Styringsgruppa
Gjennomgang av vurderingskriterier for handtering av innspel (same metodikk som KPA)	Ap – oppmoding til styringsgruppa om å ikkje ta inn innspel som er utafor avgrensingane som er satt. Det vil vere urettferdig for dei som følgjer avgrensingane.
Arealinnspel kdp <ul style="list-style-type: none">• Sortert på tema• Hovedvekten av innspela gjeld tema bustad• Fv404: Utfordring - Mange dispensasjoner langs vgien i dag. Lettere å få bygget i LNF-spreidd enn i areal avsatt til bustad pga rekkjefølgjekrav på veien.	
Alle innspel er lagt inn i www.nordhordlandskart.no . Velg Lindås kommune, velg temakart og «Planinnspel».	Bestilling frå styringsgruppa: send lenke til www.nordhordlandskart.no til heile kommunestyret, med veiledning til oversikt over alle innspel til planarbeidet.
Må vurderast i planarbeidet. Mange bustadfelt som ikkje blir realisert pga rekkjefølgjekrav. Problematisk da og opne opp for LNF-spreidd.	Ap: B25 – er det enklere å imøtekomme innspelet ved å endre det til LNF-spreidd?
	Høgre – ønskje om synfaring, t.d. ved Fv. 404.
Krav til dispensasjon for alle tiltak når eit hus ligg i LNF. Fordelen er enklare saksgang.	Ap - Kva er fordelene med å endre eit eksisterande bustadhus i LNF til bustad?
Må vurderast i planarbeidet. Stort hytteområde i dag. Vurdering i høve til kva bustadbehovet ein har. Området ligg eksponert i innseglinga til	AP - Innspel på Hilland – korleis vidarefører vi politikken om å ikkje ha blande fritidsbustad og bustad? Kan vi endre alt til bustad og så kan folk

Indre farleia.	<p>ha hyttene sine, men forenkle saksgang ved ønskje om bustad?</p> <p>Ikkje aktuelt med hyttefelt i Alverstraumen i framtida.</p>
Det er ei utfordring at bruksendring frå fritidsbustad til bustad kan gjere desse til gratispassasjerar på rekkefølgekav som ligg på nye bustadhus. Om ein vel å endre arealføremålet til bustad, må ein i føresegnene sikre at rekkefølgekav vert satt for å unngå slike situasjonar.	Høgre – samd med Ap. Kan vere fornuftig å gjere fritidsområde på Hilland om til bustadfelt.
	Ap - Funksjonell strandsone – gjeld ikkje berre tilgang for ålmenta, men og innsyn/fjernverknad.
	Ap – tilbake i tid gitt løyve til hytter som det ikkje ville bli gitt løyve til i dag. Slike hytter bør ikkje bli omgjort til bustad, for når dei ikkje lenger er i bruk, så kan det gå tilbake til friområde/grønt.
Må gjøre ei samle vurdering av behovet for bustadareal i planområdet. Viktig tema med fritidsbustader i sentrale bustadstrøk – spørsmål om kor tid ein skal vurdere å endre til bustad.	Ap – mange hytter som vert brukt som bustad. Samd i at det ikkje er alle stader det skal være aktuelt, men i sentrale områder bør ein vurdere å gjere om område for fritidsbustad til bustad.
	Ap – vi bør vurdere synfaring på usikre innspel.
	Ap – bestille ei vurdering av fritidsbustader i tette og etablerte bustadområde.
	Uavh – kva får ein lov til å bygge? Vesentleg kva dimensjonar ein får lov til å bygge. Stor forskjell på storleik og kva konsekvensar det har for innsyn/fjernverknad.
	Ap – må vere plankrav.
Gjennomgang av den funksjonelle strandsona er ikkje tema i planarbeidet.	Ap – funksjonell strandsona. I deler av kommunen er det gått og kartlagt, og andre stader er det kun fastsatt utan synfaring. Ber om at ein er presis på kva type funksjonell strandsone det er i eit område.
Tidsmessig problematisk, og ikkje inne som tema i planprogrammet.	Høgre – kan vi endre på funksjonell strandsone i dette arbeidet?
Mange tema som det ikkje vert tatt stilling til i områdeplanen, som vert løfta inn i KDP KAA.	Ap – områdeplan for Alversund. Behov for utgreiing i KDP KAA, som grunnlag for å bestemme arealføremål bl.a på gamle Alversund skule.
Leidulv Brunborg, Ap, er innhabil under orientering om innspel frå Lindås tomteselskap. Representant trer vekk ifrå bordet under gjennomgang av alle innspel frå Lindås tomteselskap.	<p>Ap – spørsmål om habilitet pga at representant sitter i styret til Tomteselskap.</p> <p>Utvalsleiar – representant trer vekk ifrå bordet. Kan ikkje delta i diskusjonen.</p>
	Ap – utvalet tar ikkje stilling til eigartilhøve. Kan gje innspel på andre sin eigedom, og føremålet kan endrast, men utvalet tar ikkje stilling til eventuelt sal, det er privatrettsleg.

<p>Deler av leikeområdet er opparbeida i dag, men usikker på kvalitet.</p>	<p>Ap – Innspel frå Lindås tomteselskapet om bustader og opparbeiding av grøntareal. Korleis klarer vi å sikre opparbeiding av leikearealet i planen? Korleis sikrar ein i planen at intensjonen bak forslaget vert realisert? Kan innspelet sin finansieringsmodell sikrast juridisk i planen?</p> <p>Fortau på Seim – klar tilbakemelding frå FM og fylkeskommunen om at ein plan ikkje kan legge føringar for delt finansiering av eit tiltak.</p>
<p>Nils Markus Bakke er innhabil på innspel frå Lihiba AS. Representant trer vekk ifrå bordet.</p>	<p>Ap – innspel frå utvalet på å få utgreidd samanhengande næringsområdet frå Galteråsen til Alver næringsområde. Vedtak i Alver næringsområde sør og nord følgast opp og vegforbindelse mellom dei to næringsområde.</p> <p>Støtte frå utvalet. Sikre vegtilkomst frå sør, som erstating for ny veg frå Alver næringsområde.</p>
<p>Utvalet kan redusere omfanget av innspel, se vekk ifrå eit innspel, eller legge anna farge på arealet det er gjeve innspel på.</p> <p>Utfordring mellom Galteråsen og Alver næringsområde med tursti til friluftsområde. Adm. kjem attende til saka.</p>	<p>Ap – ønskje om samanhengande næringsområde. Med plankrav. Urban korridor, og ikkje sti/tråkk, for å sikre kopling mot friområde. Tilkomst til sti over næringsområde må sikrast, men ikkje nødvendigvis med sti. «Urban korridor» for å sikre koplinga – fortau/veg.</p> <p>Høgre – mindre protester, enn om ein fjernar koplinga.</p>
<p>Framdrift for KPD E 39 er forskjøvet. Ennå ikkje sendt ut minikonkurranse for å få på plass konsulent.</p> <p>Adm. skal ha møte med Sv for å drøfte saka.</p>	<p>Ap – kan vi godkjenne arealdisponering og endring av areal på vilkår av at E39 forsvinner? Ønskje om å regulere areal på vilkår av at trase for E39 ikkje vert lagt der. Viktig å få det prinsippet på plass i denne planen, slik at det kan anvendes også i andre planer.</p>
	<p>Ap – utvalet har vore tydelege på Kyststien. Det er no vi har sjansen. Ønskjer den på plass.</p>
<p>Skal kvalitetssikre innspelet og utbredelse på kartet.</p>	<p>Innspel frå Liv Unneland – i konflikt med Garveriet/Alver brygge.</p>
<p>Vi må legge ei juridisk byggegrense, markagrensa, i denne planen.</p>	<p>Ap – ønske om utgreiing på markagrensa. Juridisk byggegrense (markagrensa): Uheldig med byggegrense til sjø, for det gjør det krevende for Gjervik. Ønskje om legge den over eksisterande busetnad ved Lonene, og utover mot Nepstad. Altså ikkje gå ned til sjø, slik den gjør i dag. Ønskje om at eksisterande bustader i Gjervik ikkje skal ligge på utsida av markagrensa. Gir muligheter for bebyggelse.</p>
<p>Er tema inn i føresegnsarbeidet.</p>	<p>Ap – eksisterande bustader i LNF. Som i KPA kan ein gjøre grep her for å gjere det mogleg å bygge garasje, bygge på m.m. utan dispensasjon?</p>

Lindås kommune har ganske strenge plankrav. Er noe som skal vurderast i føresegnene. Må avklares i planarbeidet.	Sp – kva er grensa for antall tomter før plankravet slår inn? LNF – spreidd og plankrav. Kor mange LNF-spreidd tomter kan ein foreslå før plankrav slår inn?
Tema – Alversund bru	
Administrasjonen	Styringsgruppa
Prosjektlear sjekker opp i spørsmålet.	Seilingshøgde – korleis ha same seilingshøgde på brua når alle innstallasjoner skal bygges 2,5 m over havet pga havnivåstigning? Dette spørsmålet må tas med til fylkesvegrådet.
Alternativ lenger nord er lagt vekk i prosess med moglegheitsstudie og vedtak av planprogrammet.	Ap - Kva med alternativ lengre nord?
	Ap – Ønskje om trapp frå brua og ned til Kongsholmen.
Tema – Kommuneplanen sin arealdel - innspel	
Administrasjonen	Styringsgruppa
	Ap – sentrumsutvikling. Er folk på Lindås informert om at områdeplanen ikkje er i spill? Bør vi ha en runde slik at dei er klar over at det er i KPA at ein skal gje innspel?
Ja, det ligg i planprogram og avgrensingene for invitasjon til innspel.	Sp - er det ønskje om fleire innspel på friområder m.m?
	Ap – om det kjem lite innspel på friluftsområder m.m., så bør vi sjølv gjere jobben og sjå på aktuelle områder. Ikkje bare tenke sentrumsnært på grønnstruktur.
	Ap – før var det ikkje aktuelt med garasje til hytte. Kan det også gjeres endringer i føresegnene for å gjere det enklere med garasje og tilbygg for fritidsbustad?
	Høgre – ja kan vi i føresegnene opne opp for mindre tilbygg for hytter-hadde vært positivt.
	Ap – byvekstavtale og innfartsparkeringsplassar sentralt, men og satalitt innfartsparkeringsplassar rundt om i kommunen. Bør ein i KPA avsette areal til slike innfartsparkeringsplassar? Bruke masser frå tunnellarbeid.Viktig å sette av areal nå for å få finansiering gjennom byvekstavtalen.
Tema – Info- og medverknadsmøter	
Administrasjonen	Styringsgruppa
Presentasjon frå administrasjonen med spørsmål til styringsgruppa.	Drøfting rundt om skulekrinsene skal vere utgangspunkt for møtene. Viktig å ha ein argumentasjon for kor ein legg opp til å ha

	møtene.
	FrP: viktig å ha møter ute i distrikta.
	Ap: halde på ungdomsskulekrinsene. Ta ut Myking, men ta med Seim og Leknes.
	Ap: ønskje om at det er skjema tilgjengeleg slik at folk kan fylle inn innspel i sjølve møte.

Oppsummering

Styringsignal

Møteplan

- 12. september: Presiserer at dette er et viktig møte for styringsgruppa mht politisk handlingsrom.
- Byvekstavtaler: Ber adm. ta kontakt med Arne Eikefet/Hogne Haugsdal for ein orientering.
- Føresegner: Adm. må være tydeleg på kva spelerom styringsgruppa har her.
- 5. des: Et viktig møte for styringsgruppa dersom det blir konkrete tilbakemeldinger/varsel om innsigelse fra regionale mynde.

Innspel til kommunedelplan for Knarvik-Alversund med Alverstraumen og KPA

- Områder med blanding av fritidsbustad og bustad – kva politikk skal vi har? Korleis vurdere desse innspela? Opnar planprogrammet opp for å endre hyttefelt til sammenhengende boligfelt? Må i tilfelle stille krav til desse områdene. Behov for å se områdene i helhet, ikke kun se på enkeltinnspel knytt til denne problemstillinga. Ønskje om ei utgreiing/vurdering av konsentrerte områder satt av til fritidsbustader som ligg tett opptil etablerte bustadområder. Kva muligheter og utfordringar ligg her? Korleis sikre kontroll med vidare utvikling av slike områder? Krav om reguleringsplan, og rekkefølgekav knytt til infrastruktur etc.?
- Funksjonell strandsone – i KU og ROS må ein vere presis på kva type funksjonell strandsone det er i kvart enkelt område. Presis på om det er gjennomført ei kartlegg med synfaring for å fastsette den funksjonelle strandsona, eller om den funksjonelle strandsona er fastsatt utan synfaring.
- Utgreiing av samanhengande næringsområde ved Galteråsen. Vegtilkomst til området må vurderast, samt tilkomst/kopling til friluftsområde.
- KDP E39 Flatøy-Eikefettunnelen: administrasjonen må finne ut korleis ein skal vurdere arealinnspel som er i same område som aktuelle trasear for framtidig E39. Døme; kan ein tilrå eit arealinnspel «på vilkår av at framtidig E 39 ikkje vert fastsatt her»?
- Kor mange LNF-spreidd tomter kan ein foreslå før plankrav slår inn?

Informasjons- og medverknadsmøte

- Møte på Myking utgår.
- Avsluttande kommentar frå ein representant frå styringsgruppa utgår.
- Møte på Leknes og Seim vert flytta til seinare dato.
- Gruppearbeid på tema, med kart og skjema for konkrete innspel.
- Tidsramma 18 til 20, men med mogleg forlenging viss behov.
- Administrasjonen bør stille med 3 representantar.
- Styringsgruppa vert oppmoda til å delta, som observatør og for å lytte.

Bestilling til administrasjonen

- Send ut møteinnkalling i outlook på alle møter i haust.
- Endre bordplassering i kantina for å gjøre det betre for møtedeltakerne.
- Send lenke til heile kommunestyret til www.Nordhordlandskart.no for oversikt over alle innspel til planarbeidet.
- Alversund bru og seilingshøgde – prosjektleiar sjekker ut spørsmål med Statens vegvesen.
- Ønskje om info om byvekstavtaleforhandlingane – kva bør styringsgruppa for KPA og KDP KAA tenke på i høve til pågåande forhandlingar?
- Send ut presentasjonene frå møte.